

## Årsrapport 2007

Revisjonskomiteen og Internrevisjonen  
i Helse Vest RHF

## **Innhald**

1.	Innleiing .....	3
2.	Revisjonskomiteen i Helse Vest.....	3
3.	Internrevisjonens oppgåver og arbeidsmåte .....	4
	Fagleg fundament.....	4
	Planlegging.....	5
	Prioritering og gjennomføring.....	5
	Einskildaktivitetar i 2007 .....	5
4	Erfaringar .....	7

## 1. Innleiing

Revisjonskomiteen og internrevisjonen i dei regionale helseføretaka er eit ledd i å styrka styrets overvaking av internkontrollen. Internrevisjonsoppgåvene blei i 2007 utført av Deloitte. Bjørn Tungland blei tilsett som internrevisjonssjef 1. januar 2008 og Deloitte bistår internrevisor med å gjennomføra internrevisjon i føretaksgruppa. Internrevisjonssjefen rapporterer til styret ved revisjonskomiteen og er administrativt underlagt administrerende direktør.

Ifølgje instruks for Internrevisjonen godkjend av styret 5. april 2006, skal internrevisjonen rapporterer resultatet av revisjonsarbeidet til revisjonskomiteen. Revisjonskomiteen skal årleg utarbeida ein rapport om arbeidet til styret. Av praktiske grunnar, og fordi arbeidet i komiteen og internrevisjonen må sjåast i samanheng, er det utarbeidd ein felles årsrapport frå kontrollinstansane.

## 2. Revisjonskomiteen i Helse Vest

### **Samansetnad og mandat**

Revisjonskomiteen hadde følgjande samansetnad i 2007:

- Svein Andersen, leiar
- Reidun Korsvoll
- Helge Espelid

Revisjonskomiteen skal ha hovudfokus på styrets kontroll og tilsynsfunksjon. Det er vedtatt eigen instruks for revisjonskomiteen.

### **Føremål og fokus**

Revisjonskomiteen skal understøtta styret i arbeidet med tilsyn og kontroll. Komiteen har ein overvakningsfunksjon og komiteen kan gje innstilling til styret. Revisjonskomiteen skal mellom anna bidra til at:

- arbeidet i styret vert meir effektivt
- det vert eit sterkare fokus på styrets kontroll- og tilsynsoppgåver
- styrets innsikt i risikoforhold og risikostyring aukar
- styring og oppfølging av intern og ekstern revisjon vert styrkt
- administrasjonen, intern og ekstern revisor får ein ”kontrollarena”
- ein raskare kan følgja opp svikt og mistanke om svikt,
- det skjer ei auka bevisstgjering omkring styring og kontroll i føretaksgruppa

Revisjonskomiteen har fokus på overordna kontroll og tilsynstema. Dette inneber mellom å kartleggja kontrollmiljøet i Helse Vest, med fokus på mellom anna integritet, etiske verdiar, og oppfølging av ansvar og mynde.

## Møter og saker

Internrevisor har fungert som sekretær for revisjonskomiteen. Internrevisor deltek på møta i komiteen og førebur, legg fram og følgjer opp saker for komiteen. Internrevisor utarbeider også styresaker på vegne av revisjonskomiteen. Møta er opne, og representanter fra administrasjonen i Helse Vest RHF deltek fast på møta i revisjonskomiteen.

Revisjonskomiteen har utarbeidd ein årleg møte og aktivitetsplan. Revisjonskomiteen har hatt 4 møter i 2007 og handsama 14 saker.

Revisjonskomiteen har handsama årsplan for komiteen, godkjent plan for internrevisjon 2007 og retningslinjer for gjennomføring av internrevisjonsprosjekt. Komiteen har også handsama revisjonsrapportar, samt hatt fokus på korleis merknader og avvik vert følgt opp og handsama i helseføretaka. Komiteen har følgt opp internrevisjonens arbeid, og har blitt informert om risikoforhold, kontroll- og kvalitetssystem i helseføretaka.

## 3. Internrevisjonens oppgåver og arbeidsmåte

### Funksjon og føremål

Internrevisjonen er fagleg uavhengig av linjeorganisasjonen og gjennomfører på vegne av styret i Helse Vest RHF systematiske risikovurderinger, undersøkingar og etterprøving av den interne kontrollen i heile føretakssgruppa, for å vurdere om føretaket følgjer gjeldande lover og reglar, og om den interne kontrollen verkar forsvarleg og føremålstenleg.

Internrevisjonen skal vidare sjå til at verksemda vert driven økonomisk, hensiktsmessig og effektivt ut frå fastsette rammer, mål og bestillardokument med sikte på å sikre at:

- regelverk, policy, planer, retningslinjer lover og forskrifter vert følgt
- etablerte formål og målsettingar for drifta eller prosjekt vert oppfylt
- risikovurderingar bidrar til å identifisere vesentleg risiko for feil og mislege tilhøve
- økonomisk og anna styringsinformasjon er pålitelig og nøyaktig
- aktiva / eidedelar er forsvarlig sikra
- bruken av ressursar er økonomisk og rasjonell

### Fagleg fundament

Internrevisjonsfunksjonen vert utøvd i samsvar med instruksar og retningsliner fastsett av styret i Helse Vest RHF, og standardar frå Institute of Internal Auditors (IIA). Standardane inneholder etiske reglar og krav til korleis arbeidet skal utførast. Føremålet med IIAs reglar er å fremja ein etisk kultur i internrevisjonsprofesjonen, og sikra profesjonell utøving av intern revisjon.

Gjennomføring og rapportering av prosjekt som inneber systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå eigar eller styrets vedtak og føresetnader, blir gjennomført i samsvar med internasjonale standardar (INTOSAI) for forvaltningsrevisjon.

## Planlegging

Internrevisjonsplanen for 2007 var i hovudsak ei vidareføring av tema og prosjekt som vart identifisert i 2006, men planen blei supplert med oppdatert informasjon frå dokumentanalyse av aktuelle styringsdokument og risikovurderinger. Planen er dynamisk og vert endra når hendingar tilseier at nye oppgåver må prioriterast.

Planen vart fremja for styret i møte 11. april 2007 der styret gjorde vedtak om å utsetja handsaminga av saka på grunn av at styret ønskte at risikovurderingar og andre føresetnader som låg til grunn for prioritering av prosjekt vart ytterligare konkretisert og at det vart sett forslag til gjennomføringstidspunkt for prosjekta. Plandokumenta vart på den bakgrunn endra i tråd med ønskje frå styret og fremja til styremøte 23.5.2007. Grunna melom anna stor saksmengde på styremøte vart handsaminga av planen utsett, og den vart ikkje formelt godkjend av styret i 2007.

## Prioritering og gjennomføring

Sjølv om revisjonsplanen for 2007 ikkje vart formelt vedteken, har den likevel vore grunnlaget for dei prosjekta som vart prioritert. Før oppstart av revisjonsprosjekt vert det utarbeidd ein prosjektplan for kvart prosjekt. Prosjektbeskrivinga konkretiserer nærarer føremål og problemstillingar i prosjektet. Prosjektbeskrivinga vert avstemt med leiinga i Helse Vest RHF, både for å forankra og spissa innhaldet / fokus i prosjektet.

Vurderingskriteriane som vert nytta i prosjekta vert utleia av styrande dokument, regelverk, vedtak og andre autoritative kjelder på området.

Reviderte einingar vert på førehand orientert om den planlagte revisjonen, og det vert normalt gjennomført eit åpningsmøte med leiinga ved einingane. Både kvalitativ og kvantitativ informasjon som vert nytta i prosjekta, vert kvalitetssikra av dei reviderte einingane gjennom heile prosessen.

## Einskildaktivitetar i 2007

### Internrevisjonsprosjekt

a) Følgjande prosjekt er gjennomført og rapportert i 2007:

Oppfølging av strategiar for sjukefråvær i Helse Vest. Prosjektet omfatta alle føretaka i føretaksgruppa og omhandla mellom anna:

- Vurdering av om helseføretaka følgjer opp krav i styringsdokument frå RHF
- Kartlegging og vurdering av planlagde og iverksette tiltak i forhold til sjukefråvær
- Vurdering av rutinar for registrering, rapportering og bruk av sjukefråværsdata
- Vurdering av rutiner for beregning av refusjonar og kontrollar med innbetalinger frå NAV
- Kartlegging i kva grad medarbeidarar og deira representanter er involvert i arbeidet med å førebygge og redusere sjukefråvær
- Vurdering av i kva grad kunnskap vert delt i organisasjonen og om det er system for utvikling av “best practice” i Helse Vest med omsyn til førebygging og reduksjon av sjukefråvær
- Vurdering av årsaker til forskellar i sjukefråvær

Det blei utarbeidd rapportar til:

- Helse Vest RHF
- Helse Bergen HF,
- Helse Stavanger HF
- Helse Fonna HF
- Helse Førde HF
- Apotekene Vest HF
- Helse Vest IKT AS

Det vart identifisert følgjande utfordringar i prosjektet:

#### *Målloppnåing*

Ingen av føretaka som hadde sett konkrete prosentmål for sjukefråværet i 2006 nådde måla. Det var ei utfordring at måla var sers overordna og langsigktige. Mange av måla vart oppfatta som uoppnåelege. Ved oppfølging av sjukefråvær synes det å vera for stort fokus på fråværsporsentar. Fleire målekriterium, som til dømes prosesskriterium og / eller resultatkriterium, vil gjera det lettare å vurdera resultata av tiltak / aktivitetar i føretaka.

#### *Strategiar og tiltak*

Føretaka hadde overordna strategiar som berre til ei viss grad var gjennomgåande i dei einskilde føretaka. Dette hadde mellom anna samanheng med at strategiar og handlingsplanar ikkje i tilstrekkeleg grad vart kommunisert og implementert i alle delar av føretaka.

I føretaka var det identifisert og iverksett ei rekke tiltak for å redusera sjukefråvær, men det synest i for stor grad å vera opp til den einskilde leiar å velja dei tiltaka dei sjølv meiner er effektive. Dette innber risiko for at mange tiltak som har vist seg å ha effekt, ikkje blir tatt i bruk når tilsvarende problem skal løysast andre stader.

#### *Læring og kunnskapsdeling*

Det var utvikla mange lokale rutinar, system og verktøy for å tilfredsstilla interne behov og krav i regelverk og det vart difor stillt spørsmål ved den samla ressursbruken og om det hadde vore tilstrekkeleg grad av samarbeid i arbeidet med å utvikla og få på plass metodar, rutinar, system og tiltak i føretaka.

Det var etablert mange fora for informasjonsutveksling i føretaka, men det var i liten grad etablert fora for kunnskapsdeling og læring. Dette har ført til at tiltak som har vist seg å ha positiv effekt på konkrete problemstillingar ikkje vert kommunisert og tatt i bruk i heile organisasjonen.

Føretaka hadde i alt for liten grad tatt i bruk systematisk benchmarking mot andre samanlignbare einingar som eit ledd i å få betre kunnskap om kva som påverkar sjukefråværet.

b) Følgjande prosjekt var under arbeid i 2007, men er ikkje ferdigstilt:

#### *Økonomistyring*

Økonomistyring i føretaksgruppa, herunder organisering, bemanning og gjennomføring av controllerfunksjonen, og oppfølging av vedtekne innsparingstiltak i helseføretaka.

### *Retningslinjer for bierverv*

Føremålet med prosjektet er å sjå om helseføretaka i Helse Vest følgjer opp krav i føretaksprotokoll og styringsdokument, om at det er gjennomgåande retningsliner for bierverv i føretaka, om føretaka har oversyn over bierverv, og korleis retningslinene vert praktisert.

### *Brannvern*

Føremålet med prosjektet er å finne ut om helseføretaka i Helse Vest etterlever regelverket i brannvernslovgjevinga og internkontrollforskrifta. Prosjektet vil også kartlegge korleis ansvar og oppgåver er fordelt og kommunisert i føretaka. Vidare vil vi sjå på korleis pålegg og tilrådingar etter gjennomførte tilsyn med bygningar, er følgt opp, og om det er etablert rutinar for å følgje opp og rapportera krav og tilrådingar etter tilsyn.

## **Risikostyring i Helse Vest**

Utvikling av eit heilskapleg opplegg for risikostyring og internkontroll har vore ein prioritert aktivitet i Helse Vest RHF. Integrering av risikostyring i kontroll- og styringssystema vil medverke til å få etablert tiltak som i større grad vil bidra til at måla for helseføretaksgruppa blir nådd på ein effektiv måte. Internrevisjonen har bidratt som samtalepartner og med innspel til metodisk tilnærming, samt halde seg oppdatert om aktivitetar og prosessar i samband med utvikling av internkontrollen i føretaka.

### **Nasjonalt internrevisornettverk**

Internrevisjonseiningane i dei enskilde regionale helseføretaka har etablert eit nettverk som eit ledd i å styrka den faglege samordninga og utviklinga av internrevisjonsfunksjonen i helseregionane.

Nettverket gjev moglegheiter for å samordna aktivitetar, gi betre og raskare innsyn i faglege og administrative løysingar, dela faglege erfaringar, utveksla kunnskap om risiko, utfordringar og tiltak, og gjev rom for utvikling av gode kollegiale relasjoner.

Det er halde 6 møter i internrevisjonsnettverket i 2007.

### **Øvrige arbeidsoppgåver**

Internrevisjonen har også hatt følgjande oppgåver:

- Ivareta kontakt med Riksrevisjonen og deltaking i årlege kontaktmøter
- Ivareta kontakt med eksternrevisor

## **4. Erfaringar**

Internrevisjonen opplever at det er etablert ein god dialog med administrasjonen i Helse Vest RHF, revisjonskomiteen og styret. Internrevisjonen har også positive erfaringer i møte med leiinga i helseføretaka og med tilsette på alle nivå i organisasjonen.

Utgjenginga av internrevisjonen har medverka til å klargjere og avgrense innhald og rollar mellom internkontroll og internrevisjon, og har forankra internrevisjonsfunksjonen betre i

helseføretaksgruppa. Det er imidlertid framleis viktig at internrevisjonen har fokus på informasjon og dialog med føretaka.

Internrevisjonen har ikkje gjennomført kontollar av eit omfang som gjer det mogleg å trekka generelle konklusjonar med omsyn til kvaliteten på internkontrollen i føretaksgruppa.

Gjennom vårt arbeid med risikovurderingar, dialog med RHF leiinga og leiinga i helseføretaka, er det vårt inntrykk at god verksemdstyring og internkontroll er prioriterte tema i Helse Vest og at det er ei positiv utvikling i arbeidet med desse tema. Den største utfordringa synes framleis å vera knytt til å få etablert eit system for risikostyring som er integrert med den øvrige verksemdstyringa i Helse Vest.

Stavanger / Bergen, 2. april 2008

Gunnar Hoff  
Statsautorisert revisor